Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 20/13353 - 21/29590 | Per Sveinar Morsund<br>per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | 05.05.2021 |

# Oppfølgingsbrev etter synfaring 11.03.21 - gbnr 443/3 m.fl. Toska

| | | |
| --- | --- | --- |
| **Tiltak:** | Ulovleg tilfelle | |
| **Byggjestad:** | Gbnr 443/3 m.fl. | Toska |
| **Tiltakshavar:** | Richard Tangen | |
| **Ansvarleg søkjar:** | Hammar-Kameratane AS | |

**Saka gjeld**
Kommunen var på synfaring på eigedommen 11.03.21 i forbindelse med å ha motteke melding om avvik mellom godkjent tiltak og utført tiltak.

**Vurdering**
**Vatn og avløp**
Endringane som er gjort med trekking av avløpsrør og vannledning er ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova. De må imidlertid ta kontakt med kommunen si avdeling for vatn og avløp og opplyse om tilkobling til kommunal leidning dersom dette ikkje allereie er gjort.

**Kai**
Det går fram på staden at kaia er forlenga noko på sør-vestleg side i forhold til det som er godkjent ved søknad.
Eit anna punkt når det gjeldt kaia er at det var meldt ifrå om manglande tilrettelegging for bevegelseshemmede. Slik kommunen forstår saka gjeld dette i forbindelse med at kaifront mot sjø er bygd i to ulike etappar og at det er ein mindre høgdeforskjell mellom desse. På godkjente teikningar skal kaifronten ha same høgde heile vegen. Kor vidt tilkomst og tilgjengelighet er ivareteke ved at ein kan gå mellom nausta på sida og slik komme til langs heile kaifronten vil vurderast av byggesaksavdelinga i forbindelse med endringssøknad.

| Forlenga kaifront | Ulik høgde på kaifront |
| --- | --- |





**Terreng**
Kommunen hadde ikkje måleutstyr for å dokumentere om terreng er høgare enn det som er godkjent.

**Konklusjon**
Det er ikkje samsvar mellom det som er godkjent og det som er bygd. Avviket er også større enn det som kan justerast ved ferdigattest. Vi oppmodar difor søkar/tiltakshavar om å sende inn endringsøknad for tilhøve som gjeld kai og eventuelt terreng slik at byggesaksavdelinga kan ta stilling til om ei slik endring kan godkjennast.

Sidan tiltaket ikkje er oppført i samsvar med løyve har det etter plan- og bygningslova status som eit ulovleg tilfelle. Miljø & tilsyn vurderer likevel saka slik at det naturlege er å sette saka i bero for at det kan søkast om godkjenning for det som er utført annleis enn godkjenninga. Vi vil gjere ei ny vurdering i saka etter 01.09.21 og reknar dette som tilstrekkelig tid til å sende inn og få behandla ein endringssøknad for tiltaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13353.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Per Sveinar Morsund |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Richard Tangen | Toskavegen 591 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hammar-Kameratane AS | Hella 60 | 5936 | MANGER |